



# Kinn kommune

## Møtebok

---

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Florø  
**Dato:** 15.06.2022  
**Tid:** Kl. 09:00 - 10:50

---

**Følgjande medlemmer møtte**      **Parti**  
Bjørn Hollevik                      Kinn H  
Aud Norunn Vig                      Kinn KrF  
Kjell Heggen                        Kinn Rødt


<b>Forfall</b>	<b>Parti</b>	<b>Varamedlem</b>	<b>Parti</b>
Helen Hjertaas	Kinn AP		
Tom André Vedvik Hopland	Kinn SP	Nils Myklebust	

**Andre som møtte**  
Vest kontroll:  
Jostein Støylen, dagleg leiar.  
Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Kjell Heggen  
Leiar i kontrollutvalet

## **Sakliste**

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
015/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/22	Godkjenning av møteprotokoll
001/22	Kommunedirektøren - Orientering om plan- og bygningslova
017/22	Refererte skriv og meldingar
018/22	Reglement for kontrollutvala og Rettleiar for gjennomføring av møta i kommunen
019/22	Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet
020/22	Saker til eventuell seinare behandling



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/38271  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 10.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/22	Kontrollutvalet	15.06.2022

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Kontrollutvalet 15.06.2022:

#### Handsaming:

##### Godkjenning av innkalling:

Kontrollutvalet kjem med merknad om at det ligg feil info om møtet på heimsida til kommunen. Sekretariatet, Kinn kommune og IKT Nordfjord har i lengre tid jobba med å få ordna opp i feil i ACOS. Vest kontroll opplyser og vil følgje opp saka vidare.


##### Godkjenning av sakliste:

#### Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

### KOUT- 015/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/36314  
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre  
Larsen  
Dato: 30.05.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/22	Kontrollutvalet	15.06.2022

## Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

### Kontrollutvalet 15.06.2022:

#### Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.


#### KOUT- 016/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

#### Vedlegg i saken:

Protokoll - Kontrollutvalet - 24.05.2022



## Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/38243  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 10.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/22	Kontrollutvalet	15.06.2022

### Kommunedirektøren - Orientering om plan- og bygningslova

#### Kontrollutvalet 15.06.2022:

##### Handsaming:

Utsett til neste møte då vedkomande som skulle orientere var sjuk.


#### KOUT- 001/22 Vedtak:

#### Saksopplysningar:

Kommunedirektøren lova i siste møte ei orientering om plan- og bygningslova. Saksbehandlar frå kommunen kjem for å orientere.

#### Vest kontroll

Jostein Støylen  
Dagleg leiar



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/38272  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 10.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/22	Kontrollutvalet	15.06.2022

## Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

### Underliggande sak:

006/22, Invitasjon kurs i eigarstyring og styrearbeid

007/22, Årsrekneskapen 2021 Kinn kommune

### Kontrollutvalet 15.06.2022:


#### Røysting:

Dagleg leiar si tilråding samrøystes vedtatt.

#### KOUT- 017/22 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/38199  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 10.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/22	Kontrollutvalet	15.06.2022
	Kommunestyret	

## Reglement for kontrollutvala og Rettleiar for gjennomføring av møta i kommunen

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til Reglement for kontrollutvalet slik den ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner Rettleiar for gjennomføring av møta i kontrollutvalet slik den ligg føre.

### Kontrollutvalet 15.06.2022:

#### KOUT- 018/22 Vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte framlegg til Reglement for kontrollutvalet slik den ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner Rettleiar for gjennomføring av møta i kontrollutvalet slik den ligg føre.

### Bakgrunn for saka:

Som legg i å oppfylle kommunelova sitt krav til reglement for folkevalde organ er det utarbeidd framlegg til reglement for kontrollutvalet i kommunane.

### Saksopplysningar:

**Representantskapet i Vest kontroll**, som består av kontrollutvalsleiarane i sekretariatssamarbeidet, drøfta i møte den 24.09.2021 Reglementet for kontrollutvalet og ser stor fordel i om kontrollutvala i samarbeidet har like reglement og vil oppmode kommunane om å få det til.

I møtet 13.05.2022 drøfta og behandla representantskapet forslaget til Reglementet for

kontrollutvalet og Rettleiaren for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte på nytt og gjorde slikt vedtak:

*Representantskapet (kontrollutvalsleiarane) i samarbeidet Vest kontroll kommunalt oppgåvefelleskap ber kontrollutvala og kommunestyra å vedta likt Reglement for kontrollutvalet og lik Rettleiar for gjennomføring av kontrollutvalet sine møte.*

## **Andre saksopplysningar**

### Lovgrunnlaget

Etter kommunelova § 5-13 skal folkevalde organ ha eit reglement. Dette påbodet gjeld også kontrollutvalet. Lova krev at reglementet skal fastsetje

« a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet

b) tidsperioden som organet er opprettet for

c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet»

Vedkomande pkt. b): Kontrollutvalet sin funksjonsperiode er samanfallande med valperioden

### Utarbeiding av utkast, innkomne merknader og kommentarar til desse

Utkastet har i fleire omgangar vore utsendt på høyring til kommunane sin administrasjon v/kommunedirektøren. Sekretariatet har motteke merknader og innspel frå nokre kommunar. Vi har valt å tolke manglande svar slik at desse ikkje har merknader til utkastet. Etter siste høyringsrunde har mottekne tilbakemeldingar til utkastet berre vore positive.

Dei innkomne forslaga undervegs har etter nærare vurderingar og i rimeleg grad vorte tekne omsyn til i utkastet.

Vi finn å ville omtale eit par innspel særskilt.

### Kontrollutvalet og tilhøvet til kommunen sine finansielle måltal

Frå ei kommune er det reist spørsmål om kontrollutvalet sin medverknad til oppfølging av det som etter kommunelova § 14-7 skal omtalast i den årsmelding/årsrapport som kommunestyret sjølv skal vedta. Kva som skal gjerast greie for i kommunen si årsmelding/årsrapport går fram av kommunelova § 14-7. Der er nemnt m.a. følgjande:

- kommunelova § 14-1 første ledd om plikt til å forvalte økonomien slik at handleevna blir ivaretatt over tid

- kravet i kommunelova § 14-2 bokstav c om at det skal vedtakast finansielle måltal for



utviklinga av kommunen sin økonomi

Ut frå dette er det stilt spørsmål om kontrollutvalet burde hatt ei meir aktiv rolle når det gjeld oppfølging av finansielle måltal.

Etter vårt syn bør drøftingar om reglar på dette området bli vurdert i ein vidare samanheng der også m.a. revisjonen vert trekt inn. Dette fordi rekneskapsrevisor etter dagens reglar også skal gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med kommunen si økonomiforvaltning. Spørsmåla bør difor eventuelt takast opp som eiga sak og ikkje som lekk i oppdatering av kontrollutvalet sitt reglement.

Eit naturleg utgangspunkt ville då kunne vere at kontrollutvalet skal følgje med i korleis revisjonen sitt konkrete oppdrag er utforma når det gjeld oppfølging av tilhøve som er omtala i kommunen si årsmelding.

Dette er ikkje noko nytt for kontrollutvalet. Det ligg under kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar at det vert ført «kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelsaer og vedtak» (jfr. kommunelova § 23-2 b) ). Men det kunne drøftast om det er behov for betre å synleggjere at revisjonsoppdraget også skal ha fokus på korleis kommunen sin økonomi utviklar seg innanfor dei finansielle måltala som kommunestyret har vedtatt.

#### Motteken kommentar frå NKRF ved administrasjonen

Han «*deler... Vest kontrolls refleksjoner rundt denne problemstillingen*» og grunngrir dette med å vise til at tilsynet med bl.a. finansielle måltal for utvikling av kommunane sin økonomi høyrer under kommunedirektøren sitt arbeid med økonomiplan og årsbudsjett, samt også internkontroll (kompl. § 25-2) og rapportering i årsberetninga.

Bråten i NKRF uttalar vidare at:

*«kontrollutvalget ikke kan overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens folkevalgte organer (§ 1). Dette tilsier at kontrollutvalget ikke kan ivareta en løpende oppfølging av kommunens finansielle måltall i forkant av kommunestyrets vedtak.»*

#### Spørsmålet om likelydande reglement for fleire kommunar

Det er både **ressursinnsparande og brukarvenleg** at det er **samsvar** mellom reglementet for flest mulege kontrollutval som har Vest kontroll Kommunalt Oppgåvefelleskap som sekretariat.

Det er difor ein tek sikte på samkøyring av prosessane med utgreiing og vedtak, fram til det enkelte kommunestyre si behandling av forslaga.

#### Møterettleiar, jfr. vedlagte utkast

Dette er ein «forretningsorden» som gjeld kontrollutvala sine møte. Det vil vere fordelar med ein einsarta praksis ved gjennomføring av utvalsmøta. Rettleiaren kan vere eit bidrag til å gi svar på spørsmål som kan oppstå i eit møte og elles i kontrollutvalet sitt arbeid.


**Vest kontroll**

Jostein Støylen  
Dagleg leiar

**Vedlegg i saken:**

REGLEMENT for kontrollutvalet

RETTLEIAR for gjennomføring av møta i kontrolutvalet



# Kinn kommune

**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:** 22/38255  
**Sakshandsamar:** Astrid Landsverk  
Sande  
**Dato:** 10.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kontrollutval	
019/22	Kontrollutvalet	15.06.2022

## Vedtaksoppfølging for kontrollutvalet

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### Kontrollutvalet 15.06.2022:

#### Handsaming:

Kontrollutvalet kjem med ein merknad til PS014/22. Sekretariatet bør be om skriftleg tilbakemelding frå dei kommunale føretaka vedkomande ytelsar til styret og styreleiarane då med bilag og utgreiing.

#### KOUT- 019/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende. Kontrollutvalet ber dei kommunale føretaka om ei skriftleg utgreiing samt bilag vedkomande godtgjersle til styret og styreleiarane med overlevering til Vest kontroll innan 08.08.2022.

### Saksopplysningar:

Status over sakene går fram av vedtaksoppfølginga, sjå vedlegg.

### Vedlegg i saken:

VEDTAKSOPPFØLGING - dokument



# Kinn kommune

Arkiv: FE-033  
JournalpostID: 22/38203  
Sakshandsamar: Astrid Landsverk  
Sande  
Dato: 10.06.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/22	Kontrollutvalet	15.06.2022

## Saker til eventuell seinare behandling

### Kontrollutvalet 15.06.2022:

#### Handsaming:

Kontrollutvalet drøfta møteoffentlegheit i kommunaleigde og interkommunale selskap. Kontrollutvalet ynskjer å få ei saksutgreiing frå sekretariatet.

#### KOUT- 020/22 Vedtak:

Kontrollutvalet ber sekretariatet om ei sak vedrørende offentlegheit/meiroffentlegheit i dei selskapa/føretaka kommunen er eigar/deleigar i.